

RAUMA KOMMUNE
SAKSPAPIR I DELEGASJONSSAK

Styre, utvalg, komité m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Fullmaktsvedtak planutvalg	10.07.2009	084/09	OKT

Saksansvarlig Ole Kjell Talberg	Arkiv: K2- Objekt:	Arkivsaknr 09/1424
---	-------------------------------	------------------------------

HØRING - TEKNISK FORSKRIFT(PBL) § 7-32 SIKKERHET MOT
NATURPÅKJENNINGER

Saksutredning:

Kommunal- og Regionaldepartementet har sendt § 7-32 i Teknisk forskrift på høyring. Dette gjeld sikring mot naturpåkjenningar som til dømes flaum og skred. Formålet med endringa er at ein på vilkår kan gjennomføre tiltak også på areal som er utsett for naturpåkjenningar. I eksisterande krav vil det være eit absolutt bygge- og deleforbud i liknande områder. Ny forskrift legg opp til at ein etter tre kumulative vilkår kan gjennomføre tiltak dersom vilkår er oppfylt.

Dei tre vilkåra er:

- 1) Utbygging er avklart gjennom plan, kommuneplan sin arealdel eller reguleringsplan (områderegulering).
- 2) Personikkerheit er ivaretatt ved eit forsvarleg system for overvaking, varsling og evakuering, og det er foretatt eit særskild vurdering av om det skal være restriksjonar for oppføring av byggverk som ert vanskeleg å evakuere.
- 3) Konsekvensane av eit byggeforbod er alvorleg for samfunnsutvikling i lokalsamfunnet.

Rauma kommune har nyleg avdekt stor skredfare for eit område i Romsdalen, NVE rapport 10-2009. Skredet vil fysisk ramme mellom 3-5 km² og medføre oppdemming av elva Rauma over eit stort dalområde. Tida for oppdemming vil være avhengig av vassføringa i det aktuelle tidspunkt, mest truleg vil det ta opp mot to veker før vatnet renn over skredgropa og medføre flomfare nedover dalen mot tettstaden Åndalsnes. Denne lokale situasjon medfører at foreslått forskriftsendring har stor innverknad på korleis ein kan handtere vidare utbygging i fareområdet.

Kommentarar

Høyringsforslaget inneberer at byggverk der konsekvensen av skred er særleg stor, ikkje skal plasserast i skredfarleg område. Dette er inga endring i høve til gjeldande rett. I høyringsbrevet er denne del av forskrifta retta mot anlegg av viktig samfunnskarakter, bygningar med særskilde evakueringsproblem og anlegg som kan medføre forureining. Rauma kommune støtter at det fortsett vert differensiering for ulike byggverk etter konsekvensvurdering. Denne differensieringa må innarbeidast i forskrifta for å gje ei klarast muleg vurdering av inndeling i ulike sikkerheitsklassar.

For sekundærverknad er det i høyringsforslaget til forskrift (§ 7-32 nr 2. andre ledd), sett er rekkje vilkår for at tiltak i fareområde kan gjennomførast. Rauma kommune vil påpeike at sekundærverknad også kan være andre tilfelle eller flodbølgje. For skredscenario i Romsdalen er det vurdert til å være to sekundærverknader. Den første er oppdemning i dalbotnen over eit 7 km lang strekning med djupne opp til 20 meter. Den påfølgjande er demningsbrot med flodbølgje som vil ramme eit 12 km langt område nedover dalen mot kommunesenteret Åndalsnes. Denne del av forskrifta må omfatte alle mulege sekundærverknader av skred, også oppdemning og flodbølgje i vassdrag. Sekundærverknadane kan ha ulike tidsforløp som vil ha avgjerande betyding for konsekvensutfall. For scenario i Romsdalen vil ein ut i frå dagens kunnskap få svært god til å evakuere i sekundærrområda. Dette må ein ta høgde for i forskrifta ved gradering av aktuelle tiltak.

- I. **Planavklaring.** Kravet til planavklaring synes å være for generell og komplisert. Det synes som ein må gjennomføre omfattande planprosessar i alle saker der ein ønskjer å gjennomføre eitt nytt tiltak som medfører auka fare for liv og helse. Dette er svært ressurskrevjande og synes å være alt for omfattande til å gjelde for utbygde områder med eksisterande plan. Rauma kommune foreslår at slik avklaring mot eventuelle naturpåkjenningar kan gjerast gjennom ROS-analyse etter same modell som i plansaker etter 01.07.2009. I slike tilfeller bør fareområde/hensynsområde innarbeidast i eksisterande plan for området. Hensynsonen i plan må gje klare føringar for kva som kan tillatast.
- II. **Personssikkerheit.** Overvaking og varslings er aktuell der det er fare for liv og helse, eventuelt andre store store verdiar eller viktig infrastruktur som kan gå tapt. I Rauma kommune er det i ferd med å bli montert overvåkingsanlegg for varslings. Dette skal gjere det muleg å oppretthalde busetting i skredområdet på grunnlag av varsel om evakuering. Dessutan vil Rauma kommune samarbeide med Åknes Tafjord Beredskap IKS der alle kvalitetskrav vil bli etterkommet med omsyn til instrumentering, varslings og kompetanse. Beredskapsplaner vil også komme på plass for skredfaren ved fjellet Mannen i Romsdalen. Rauma kommune er samd i at det settes kvalitetskrav for å ivareta personssikkerheit.
- III. **Avgjerande for utvikling av lokalsamfunnet.** På generell basis vil kommuneplan fortsatt være det viktigaste verktøyet for kommunen i utvikling av lokalsamfunnet der ein også tek omsyn til naturpåkjenningar. Gjennom kommuneplan vil ein i mange tilfeller unngå konflikt mellom nye utbyggingsområde og naturrisiko. Problemet er ofte knytt til eksisterande utbygging og vidare utvikling av områder. Korleis ein skal vurdere kor viktig ei utbygging er for lokalsamfunnet kan bli vanskeleg å vurdere i eit system. Rauma kommune foreslår difor at dette ikkje blir eit kumulativt vilkår på linje med punkt 1 og 2, men blir ein naturleg del av kommuneplanrullering.

I Rauma kommune er det konstatert høg fare for stort fjellskred i Romsdalen. Det vurderte scenario er oppdelt i tre deler:

a) Fjellskred 3-25 mil.kbm vil dekke dalbotnen, skredet er fysisk estimert på kart. Her vil det bli utarbeidd hensynsone for tiltak og overvåkingsutstyr plassert i fjellet. Beredskapssystem vil bli gjennomført slik at evakuering kan skje før skredet oppstår. Personssikkerheit vil bli forsvarleg sikra.

b) Skredet vil medføre oppdemning av elva Rauma. Eit 7 km langt dalområde vil bli oppdemt mellom 10-20 meter i løpet av nokre dagar opptil to veker avhengig av vassføring. Dette vil være ein sekundærverknad av skred med god tid til evakuering for å sikre liv og helse.

c) Ved full oppdemning vil det truleg bli dambrot med påfølgjande flodbølgje i Rauma elv ned mot utløpet ved Åndalsnes. Dette vil også være ein sekundærhending for skred, der ein har god tid for evakuering.

Konklusjon:

Ny del av teknisk forskrift vedr. sikkerheit mot skred må få ei form som gjer det muleg med utbygging etter utvalte kriterium.

- *Kriteria må være mest muleg eintydige for god likehandsaming av saker.*
- *Det bør fortsett være forbod mot etablering av tiltak der konsekvensane av tiltak er stor, mellom anna bygningar med viktige samfunnsfunksjonar.*
- *I hovudsak må kommuneplan/områdeplan være styrande i lokal arealbruk der ein har vurdert hensynsområde for naturpåkjenningar.*
- *For mindre tiltak innafor eit fareområde bør ROS-analyse erstatte ein full planprosess. ROS-analysen plasserer tiltaket i sikkerheitsklasse som definert i forskrifta.*
- *Personsikkerheit kan ivaretakast gjennom godkjent beredskapssystem som er basert på sanntid overvaking, varsling og evakuering.*
- *Vilkåret om at utbygginga er avgjerande viktig for utviklinga i lokalsamfunnet, må ikkje være eit kumulativt vilkår. Dette bør heller inngå i ei heilskapsvurdering gjennom kommuneplanarbeid.*
- *Tidsfaktor for sekundærverknad må innarbeidast slik at det blir mindre restriksjonar i område der tidsmarginen er lang.*

VEDTAK:

Rauma kommune er eit av tre områder i landet som er mest omfatta av forslag til Teknisk forskrift § 7-32 .

Ein syner til innhaldet i saksframlegget vedrørande forslag til endring i forskrifta, og ber KRD ta omsyn til Rauma kommune sine vurderingar før endeleg fastsetting.